

**PROTOKOLL
MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

Møte: 2-2018
Tid: Fredag 16. februar kl. 09:00 - 13:00
Stad: Dampen, Knarvik

Til stades:

Ordførar:	Karstein Totland, Astrid Aarhus Byrknes, Tom Kristian Thorsen, Øyvind Oddekalv, Per Lerøy, Jarle Skeidsvoll, Hallvard Oppedal, Stian Herøy, Jon Askeland
Rådmenn:	Svein Helge Hofslundsengen, Jarle Landås, Martin W. Kulild, Jo Bjarte Tømmerbakke, Ørjan Raknes Forthun, Ingvild Hjelmtveit, Jan Olav Osen, Ingebjørg Vamråk
NUI:	Rune Heradstveit
Andre:	Nettsideprosjektet: Silje Andvik Hoaas Interkommunalt arkiv: Rune Lothe NGIR: Helge Fjellanger NONL (ressursgruppa): Inge Alver, Vivian Kårbo, Helge Korneliussen
Forfall:	Reidun Halland

Sak 5/18	Godkjenning, møteinnkalling og saksliste Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 6/18	Godkjenning protokoll møte 1-2018 Møteprotokoll frå møte 1-2018 vart godkjent utan merknadar.
Sak 7/18	Løypemelding om prosjekt ny nettside i kommunane (presentasjon vedlagt) Leiar for prosjektet «Nye innbyggjarportalar» Silje Andvik Hoaas informerte om prosjektet og kvifor kommunane skal ha ny portal – og status for arbeidet. Dette er eit regionalt prosjekt der Rådmannsutvalet er oppdragsgjevar og IKT-strategigruppa er styringsgruppe. Arthur Reinertsen (NUI) er prosjektansvarleg og prosjektgruppa består av Silje Andvik Hoaas (Lindås), Heidi Eikeland (Osterøy), Helge Dyrkolbotn (Austrheim) og Mona Mekki (Vaksdal). Prosjektet har fokus på brukarane, og kva tenester kommunane skal levera. Prosjektet har hatt dialog med innbyggjarar og tilsette og skal no byggja eit rammeverk som legg til rette for digital dialog og mest mogeleg sjølvbetening. Målet er at det skal bli ein enklare kvardag for alle som bur og driv næring i kommunane. Nettsidene skal ha eit fleksibelt designsystem slik at kvar enkelt kommune kan gjera sine tilpassingar, og sidene skal kunne endrast t.d. ved beredskap slik at viktig informasjon kan leggast sentralt på sidene. Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.

Sak 8/18	<p>Orientering om ny finansieringsmodell samt selskapsavtale for IKAH (Interkommunalt arkiv Hordaland) (presentasjon vedlagt)</p> <p>Dagleg leiar Rune Lothe orienterte om ny selskapsavtale og ny finansieringsmodell for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS frå 2020. Dette vert gjort fordi:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Den gamle modellen gav eit skeivt forhold tilskot, tenester samt innbyggjartal, og eigarane har gjennom vedtak i representantskapet bedt IKAH om å endra denne. ▪ Det vil bli aukande etterspurnad etter forbruksbaserte tenester i åra som kjem grunna digitalisering, kommunereform og fleire tilsyn og internkontroll på fagområdet. ▪ Spørjeundersøking gjort hausten 2017, syner at eigarane ynskjer ei lågare grad av solidarisk finansiering av tenestene. <p>Ny selskapsavtale og ny finansieringsmodell vert lagt fram på representantskapsmøte den 25. april 2018, og dei vert sendt til kommunestyra for behandling til hausten. I løpet av april 2019 legg selskapet første budsjett og økonomiplan etter ny modell fram for representantskapet . I 1Q 2020 gjer dei nye kommunane vedtak om fortsatt eigarskap eller uttreden av selskapet jamfør inndelingslova.</p> <p>www.ikah.no kan følgjast på facebook, instagram og flicker.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 9/18	<p>NGIR - informasjon om vedtak i styret vedr eigenregi / anbod (presentasjon vedlagt)</p> <p>Styreleiar Helge Fjellanger og dagleg leiar Bjørn Berg informerte om status i NGIR, spesielt med tanke på anbod eller eigenregi på innsamling av avfall.</p> <p>Dei siste fem åra har det vore investeringar for 13-15 mill. i året, og i 2018 skal det investeraast for 38 mill. Dette er krevjande for administrasjonen. Dersom ein no skulle endra frå anbod til eigeregi på innsamlinga, så måtte ein tilsette 15 nye i administrasjonen i tillegg til dei som er der. Dette vil vera krevjande no, og styret ynskjer derfor fortsatt å ha innsamlinga på anbod, og så vil ein sjå dette an etter kvart.</p> <p>Fleire i Regionrådet påpeika at dei var overraska over styrevedtaket som var gjort og på formuleringa av denne. Sjølv om styret er ansvarleg for drift og administrasjon, så skal dei sjølv sagt ta signal som kjem frå Representantskapet. Det er eigarane som bestemmer, og styret må lytta til dei.</p> <p>Det vart også spela inn at så lenge ein har anbod, så ville det vera fint om styret kunne sjå på ordningar som legg til rette for tilbod også frå lokale firma, ikkje berre dei store.</p> <p>Vedtak:</p> <p>Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 10/18	<p>Lærepllassgaranti i Nordhordland (presentasjon vedlagt)</p> <p>Inge Alver, Vivian Kårbø og Helge Korneliussen frå ressursgruppa i Nordhordland Næringslag informerte om lærepllassgaranti og føremål med dette.</p> <p>Det er i dag ingen garanti om lærepllass, dette er avhengig av mange faktorar som t.d. konjunkturane. Me meiner det går fullt an å garantera Nordhordlandsungdom læreplassar?</p> <p>Dette må vera for alle elevar som tar 2. året på yrkesfag ved Knarvik vidaregåande skule og Austrheim vidaregåande skule.</p> <p>Målet er:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Gjera skuleungdom målmedvitne i val av utdanning og karriereveg. ▪ Behalda ungdommen – vår viktigaste ressurs – i regionen. ▪ Sikra rekrutteringa til skulane, verksemndene og kommunane i Nordhordland. ▪ Profilera regionen med eit heilskapleg system for utdanning og arbeid. ▪ Setja Nordhordland på kartet.

	<p>Føresetnadane vil vera at alle må bidra for at ordninga med læreplassgaranti skal kunna fungera; elevane, ungdomsskulane, dei vidaregåande skulane, opplæringsavdelinga hos fylkeskommunen, Nordhordland Næringslag, Opplæringskontoret i Nordhordland, verksemndene og kommunane</p> <p>Inge Alver gjekk gjennom dei ulike føresetnadane iht. vedlagte presentasjon.</p> <p>Læreplassgaranti vert gjennomført etter 2 + 2 modellen der elevane søker seg inn frå ungdomsskule til yrkesfaglege utdanningsprogram på Austrheim vgs. eller Knarvik vgs. på vanleg måte innan 1. mars. Elevane gjennomfører så det yrkesfaglege utdanningsløpet på to år i skule, inkludert utplassering i bedrift/institusjon. Intensjonsavtale om lærekontrakt kan teiknast når som helst i skuleløpet. Lærekontrakt kan teiknast når som helst i vg2, og skal teiknast innan utgangen av vg2 for elevar som oppfyller føresetnadene.</p> <p>Vivian Kårboe viste til at 220 ungdommar går årleg ut av vg2 og at 180 ønsker læreplass, og at ein elles har mykje talgrunnlag.</p> <p>Deretter spørsmål og drøfting i Regionrådet.</p> <p>Ordførarane støtta det å gje læreplassgaranti fullt ut og at dette er eit heilt riktig grep å gjera. Det vart påpeika at det var viktig å forankra det inn i ungdomsskulane og i rådmannsgruppa. Jarle Skeidsvoll etter om Osterøy vgs var tenkt inn i dette. Vivian Kårboe svara at ho har kontakt med Osterøy vgs, og viste til at Osterøy er god på samarbeid med NAV.</p> <p>Det vart understreka at dette også stiller krav til kommunane, og at kommunane må ta ansvar, sjá breiare. Ikkje berre tenkja på læreplass innan dei tradisjonelle faga som helse / omsorg og oppvekst, men innan eit større spekter på fag som t.d. innan kontor og bygg / drift.</p> <p>Vedtak: Regionrådet støttar fullt ut at det vert gjeve læreplassgaranti, og at kommunane må vera med å ta sin del av ansvaret. Kommunane må også tenkja utanfor dei tradisjonelle faga som helse / omsorg og oppvekst, og t.d. innan kontor og bygg / drift</p>
Sak 11/18	<p>Oppnemning av vara til styret i Bergen Reiseliv for perioden 2018-19 (presentasjon vedlagt)</p> <p>Iht. samarbeidsavtalen skal kommunane i Region vest og i Region Nordhordland ha ein styrerepresentant med vara i styret i Bergen reiselivslag. Desse vert valt for to år om gongen og alternerer mellom regionane. Representant til styret i Bergen Reiselivslag frå Region Nordhordland vert utpeika av ordførarane i Regionrådet (av dei kommunane som er med). Den som vert peika ut til å delta i styret bør ha god kunnskap og interesse om reiselivsnæringa i Nordhordland.</p> <p>Region vest hadde samarbeidsavtalen klar ei stund før Region Nordhordland, dei har derfor hatt styremedlemmet (Tom Georg Indrevik) for perioden 2017-18. Regionrådet skal dermed velja varamedlem til styret ut inneverande periode. Deretter vert det nytt val, og då skal Region Nordhordland ha styremedlemmet for perioden 2019-20.</p> <p>Administrasjonen føreslår at me heldt oss mest mogeleg til den organiseringa me har i Regionrådet og underutval. Det er Underutval for næring- og samfunnsutvikling som har reiseliv i sin portefølle. Dette utvalet består av Hallvard Oppedal, Jarle Skeidsvoll og Per Lerøy. Sidan verken Gulen og Osterøy er med på denne avtalen, kan det derfor vera naturleg at Per Lerøy blir valt som vara til styret i Bergen reiselivslag.</p> <p>Vedtak: Regionrådet vel Per Lerøy til varamedlem i styret i Bergen reiselivslag for perioden 2018.</p>
Sak 12/18	<p>Skjønsmidlar 2018 (presentasjon vedlagt)</p> <p>Rune Heradstveit viste til skriv som er sendt ut frå både fylkesmannen og NUI om prosess kring søknadar om prosjektskjøn / skjønsmidlar. Fylkesmannen har sett av 31,0 mill. til prosjektskjøn</p>

	<p>og generell fordeling. Regionråda har ei koordinerande rolle, skal vurdera søknadane og senda skriv til Fylkesmannen med prioritering mellom søknadane. Fylkesmannen vil i hovudsak prioritera å støtta samarbeidsprosjekt som omfattar fleire kommunar.</p> <p>Søknadsfristen frå kommunane til fylkesmannen er fredag 16. mars. Regionråda er bedt om å senda brev til Fylkesmannen med prioritering mellom prosjekta innan den same fristen. Regionråda blir også bedt om å gi ei grunngjeving for prioriteringa mellom søknadene. For at Regionrådet i Nordhordland skal kunne prioritera og grungje denne, må kommunane senda ein kopi av søknaden, eller dersom søknaden ikkje er endeleg ferdig, ein prosjektskisse av prosjektet til post@nordhordland.net seinast innan fredag 2. mars.</p> <p>Heradstveit viste vidare til at «region sin del» av midlane sannsynlegvis vert mindre i år grunna bl.a. ein større søknad frå Bergen kommune om midlar til digitalisering. Denne har kommunane i Nordhordland sluttar seg til.</p> <p>Vidare vil ein del pågåande prosjekt i Nordhordland som t.d. velferdsteknologiprosjektet søkja om ytterlegare og nødvendige midlar. Heradstveit bad derfor kommunane om å tenkja nøyne gjennom behovet for nye søknadar slik at ein i minst mogeleg grad må setja søknadane opp i mot kvarandre. Astrid Aarhus Byrknes viste til Velferdsteknologiprosjektet og eit prosjekt om rus og psykiatri.</p> <p>NUI vil senda ut eit forslag med prioritering av søknadane til Regionrådet.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 13/18	<p>Nordhordlandspakken – informasjon frå kontaktutvalet (presentasjon vedlagt)</p> <p>Øyvind Oddekalv og Rune Heradstveit informerte frå første møtet i kontaktutvalet for Nordhordlandspakken. Kontaktutvalet utarbeider no eit mandat for utvalet som byggjer på forutsetjingane i Prop. 164 S (2016-2017). Nordhordlandspakken er den første pakken der ein utarbeider eit slikt mandat.</p> <p>Det er laga ein tentativ framdriftsplan for dei ulike prosjekta som viser framdrift når det gjeld reguleringsplan, grunnerverv, anskaffelse og byggjetid. Prosjekta vert i utgangspunkt tatt i den rekjkjefylge som ligg i planen, men nokre kan verta starta når det formelle med reguleringsplan, grunnerverv og anskaffelse er på plass. Dette vert vurdert av kontaktutvalet etter kvart.</p> <p>Bomstasjonane er planlagt å koma i drift seinast frå april 2019. Bomstasjon 4 skal setjast opp på ny fylkesveg og er planlagt å koma i drift i 2021.</p> <p>Prosjekt 8-11 som er rammetiltak i Austrheim, Masfjorden, Fedje og Modalen vil bli starta når det formelle er klar. Desse har dedikerte summar til kvar kommune, og har til saman ei ramme på kr 48 mill.</p> <p>Det første prosjektet ein no jobbar med, er Fv. 565 Marås-Soltveit. Vegen er 7,5 km med tilhøyrande g/s-veg frå Kjeset-Soltveit. Denne blir tilrettelagt for landbrukstrafikk. Kostnadsramma for prosjektet er 371 mill. (2017), medan anslag frå 22.02.17 viser 641 mill. (2017). Årsaka til kostnadsauken er at det er gjort grundigare grunnundersøkingar og undersøkingar av fjell. Det er mykje meir lausmassar og steinkvaliteten er dårlig, så det må kjøpast inn Stein til overbygning. I Statens vegvesen sine handbøker er det krav til ein viss kvalitet til Stein som skal brukast til overbygning.</p> <p>Oddekalv og Heradstveit viste til dei store dimensjonane vegprosjektet har med til saman ca 21 meter breidde (rekkverk, skulder, køyrebanar, rabatt, gs-veg, evt. rekksverk og grøft). Dei viste til dei ulike kuttforslaga (kostnad og mål) som prosjektansvarleg har vurdert for å få ned kostnaden på prosjektet. Det mest drastiske kuttforslaget er at vegstrekninga blir kutta frå Marås til Tømmerveltepllass (ca 1950m), og at ein tar vekk g/s-veg på same strekninga.</p>

	<p>Oddekalv og Heradstveit viste til at g/s-vegen nok vert lite brukt då folk bur langs gamlevegen og ikkje langs den nye vegen. Det er også sentrale og regionale retningsliner i forhold til miljø og transport perspektivet som seier at området vegen går gjennom, ikkje vil vera område som vert bebygd i framtida.</p> <p>Deretter bad Oddekalv og Heradstveit om synspunkt frå Regionrådet. Ordførar Askeland i Radøy var tydeleg på at ein ikkje må korta ned strekninga då vegen mellom Marås og Tømmerveltepllass er svært dårlig, og at det ikkje er plass til to bilar i breidda på ein del av denne strekninga. Det vil imidlertid vera forståing i Radøy for at ein tar bort g/s-vegen og at ein ser på andre kostnadsreduserande tiltak som t.d. at steinkvaliteten ikkje er god nok. Askeland minna om at vegen ikkje skal byggjast på austlandet der det kan vera betydeleg kaldare og der temperaturen svingar mykje meir i forhold til frost og tining. Per Lerøy understreka at ein ikkje må finna på å vurdera å kutta ny veg mellom Marås og Tømmervelteplassen, og at heile strekninga må takast samtidig.</p> <p>Regionrådet sluttar seg til det som Askeland og Lerøy sa, og var tydeleg på at planlagt strekning må byggjast ferdig no, og at det er ok å ta bort g/s-vegen av di nytteeffekten av denne vil vera svært låg i forhold til å brukha midlane i område der behovet er mykje større (t.d. tettbygde strøk).</p>
Sak 14/18	<p>Kort informasjon frå møtet med Hordalandsbenken (presentasjon vedlagt)</p> <p>Per Lerøy og Øyvind Oddekalv orienterte kort om møtet dei på vegen av Regionrådet hadde med Hordalandsbenken 9. januar. Karstein Totland og Rune Heradstveit hadde begge sjukdomsfall. Møtet vart opplevd som særstakt og saker som vart tatt opp var;</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ samferdsle (E39 Vågsbotn-Nordhordlandsbrua, Masfjordbrua og statusen på fylkesvegane) ▪ Johan Sverdrup ▪ prosjekt som Region Nordhordland Helsehus, Nordhordland Biosfæreområde ▪ Ubåten på Fedje ▪ Status vedr arbeidet med Alver kommune <p>Det vart tatt opp at Regionrådet (som andre Regionråd i Hordaland har) burde ha årlege besøk til Stortinget / Hordalandsbenken, eller direktorat / departement eller andre faglege instansar. Eller t.d. faglege studieturar i forhold til viktige satsingsområde.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 15/18	<p>Status Alver kommune (presentasjon vedlagt)</p> <p>Ørjan Raknes Forthun orienterte om status frå arbeidet med Alver kommune. Det har ein periode vore fokus på matrikkel, kommunikasjonsplan, månadleg informasjonsplan og få på plass organisering i høve toppleiargruppa.</p> <p>Forthun viste til ulikt utviklingsarbeid og at det på nokre området kan vera aktuelt og nyttig for andre kommunar å vera med, t.d.:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ kvalitetssystem KF kvalitet. Stort løft, meir krevjande for små enn store kommunar. ▪ krisestøtteverktøy og bruk av CIM. ▪ optimalisering av arbeidsprosessar inn mot det som er valte IKT-system.
Sak 16/18	<p>Meldingar og eventuelt</p> <p>Tilsyn Nordhordland Legevakt Øyvind Oddekalv viste til spørsmål som var kome opp i Meland kommunestyre om tilsynsrapporten etter fylkesmannen sitt tilsyn med Nordhordland legevakt.</p> <p>Ørjan Raknes Forthun orienterte om innhaldet i dei tre avvika som Nordhordland legevakt fekk frå Fylkeslegen, og kva som ligg i desse, og kva som er planen med å lukka dei.</p>

Arrangør av toppleiararmøtet 2019

Helseutvalet har bedt Regionrådet vurdera om kommunane i Nordhordland kan vera vertskap for Toppleiararmøte 2019. Samarbeidsutvala i føretaksområdet skal i februarmøtet ha ein gjennomgang av årets toppleiararmøte og vil då få spørsmål om å vurdera kva kommunar som kan stå som arrangør av dette møte i 2019.

Regionrådet var positive til å ta på seg arrangement og fleire meinte at ein då kunne vera med å påverka programmet. Programmet har dei siste gongane blitt opplevd til å vera veldig mykje styret av Helse Bergen HF.

Vedtak:

Regionrådet er positiv til å ta på seg å vera vertskap for toppleiararmøtet i 2019 dersom det skulle vera aktuelt.

Knarvik, 7. mars 2018

Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- | | |
|-----------|---|
| Sak 7/18 | Presentasjon, ny innbyggjarportal / heimeside |
| Sak 8/18 | Presentasjon, ny selskapsavtale og ny finansieringsmodell for IKAH frå 2020 |
| Sak 9/18 | Presentasjon, anbod NGIR |
| Sak 10/18 | Presentasjon, lærepassgaranti i Nordhordland |
| Sak 11/18 | Presentasjon, styremedlem Bergen reiselivslag |
| Sak 12/18 | Presentasjon, søknad om skjønnsmidlar 2018 |
| Sak 13/18 | Presentasjon, Nordhordlandspakken, informasjon frå kontaktutvalet |
| Sak 14/18 | Presentasjon, møte med Hordalandsbenken |
| Sak 15/18 | Status Alver kommune |